



## Info om skuleskyss

Nå nærmar me oss tida då skulen skal søke om skuleskyss for dei som har rett på fri skuleskyss etter ordinært eller kommunalt vedtak. Skyss etter kommunalt vedtak vil sei at det er eit kommunalt vedtak på at elevane har rett på fri skyss på enkelte strekningar med avgrensing på klassesteg.

Elevar i 1. klasse har rett på fri skyss når avstand frå heimen til skulen er over 2 km. Og for 2. – 7. klasse er grensa 4 km. Avstanden mellom heim og skule er det Skyss som reknar ut, og den må me forholde oss til.

Når eg tingar skuleskyss, må eg opplyse om skulestart og skuleslutt for dei enkelte klassane. Skyss setter opp buss etter kor mange som skal heim til dei ulike klokkesletta. Noen gonger er det nok å sette opp ein minibuss, medan andre gonger må dei sette opp ein stor buss.

Skal elevar heim med kvarandre, slik at dei må ta ein annan buss eller køyrer litt lenger enn til heimen, **skal dei betale**. I alle fall dersom dei skal ut av den sona dei har busskort for. Skal elevane på ein annan buss enn til vanleg, må dei ha pengar med seg og **betale**. Blir det mange ekstra på ein buss, kan ein ikkje rekna med at det vert sitteplass til alle.

### Soner

Skulen – Neset	sone 257
Skulen – mot Myksvoll, ved tidligare grense mellom Seim og Festo skulekrins	sone 257 og sone 252
Skulen – Festo/Lygra	sone 257, 252 og sone 253
Skulen – Vassbygdvegen	sone 257 og sone 258



I det lille heftet som ligger saman med busskortet står det:

«Skolekortet dekker ikkje

\* Reiser på fridagar og feriar

\* Aktivitetar utanfor skolen, som bading, arbeidsveke, eller anna i skoletida.

\* Reiseassistentar og reisefølge

\* **Andre reiser enn reiser mellom heim og skole»**

### TAXI

Noen elevar har av ulike årsaker, taxi til og frå skulen. Det er Skyss/Nobina som bestemmer kor tid det skal settast inn taxi i staden for buss. Og det er berre dei som har rett på fri skyss med taxi som kan vere med taxien. Dersom det er andre som er med i taxien og som ikkje har rett på fri skyss med taxi, vert det fakturert i etterkant dersom me får rekning frå Nordhordland taxi, Nobina eller Hordaland fylkeskommune.

### ENKELBILLETT FOR BARN (pr. 18.01.2017)

For 1 – 2 soner	kr. 18,00
For 3 soner	kr. 23,00

### NÆRARE INFORMASJON

finner du på: [skyss.no](http://skyss.no)



Seim skule, 23. januar 2017  
Gerd Karin Isaksen

